



Egill Abrahamsen
Trollien 26
5101 EIDSVÅGNESET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/3225 - 19/35494

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
02.12.2019

Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 102/44 Vabø

Tiltak: Tilbygg
Byggjestad: Gbnr: 102/44
Tiltakshavar: Egill Abrahamsen

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om tilbygg og fasadeendring på hytte 28.11.2019.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad om dispensasjon frå byggjeforbod innanfor 100-metersbelte mot sjø, jf. Plan- og bygningslova §1-8. Vi gjer oppmerksom på at søknad om dispensasjon må vere grunnjeven.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 01.01.2020. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.



Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakar:

Egill Abrahamsen

Trollien 26

5101

EIDSVÅGNESET